

Nærings- og fiskeridepartementet

HØYRINGSSVAR FRÅ PELAGISK FORENING ETTERKONTROLL AV FISKESALSLAGSLOVA

Pelagisk Forening viser til høyring datert 19.11.25.

KONKLUSJON

I det store og heile meiner Pelagisk Forening at fiskesalslagslova fungerer godt, og at lova fungerer godt etter siktemåla med lova.

Pelagisk Forening meiner òg at fiskesalslaga oppfyller kontrolloppgåvene sine bra, gitt mandat og ressursar.

Pelagisk Forening meiner òg at salslaga sikrar god dokumentasjon av kvantum som blir fiska av dei enkelte fiskeslag/ ressursuttaket.

Departementet bør vurderer endringar slik at alle norske fiskarar som leverer til eit salslag i praksis er valbare til styrande organ i salslaget. Dette uavhengig av kva faglag den enkelte er medlem, eller ikkje medlem, i.

INNLEIING

Som kjent er rapporten ei oppfølging av kvotemeldinga. «Regjeringen tok i kvotemeldingen opp flere spørsmål om rammevilkårene for sjømatindustrien og om første-håndsomsetningen av fisk. Ett av tiltakene var å evaluere fiskesalslagslova for å vurdere hvordan den fungerer i praksis og håndheves i dag, over ti år etter at den trådte i kraft. Stortinget ba også regjeringen vurdere om offentligheten har godt nok innsyn i og kontroll med salgslagenes virksomhet.»

NFD har gått gjennom, og vurdert, kvar enkelt regel i lova, og peikt på reglar der NFD meiner at det er behov for justeringar.

«Rapporten inneholder ingen anbefalinger om materielle lovendringer, bortsett fra der tekniske endringer er nødvendige eller der andre lover gjør det påkrevd»

Pelagisk Forening meiner at dersom denne høyringa gjer at det blir aktuelt med konkrete endringar må endringsforslag sendast på eigen høyring.

I det store og heile meiner Pelagisk Forening at fiskesalslagslova fungerer godt, og at lova fungerer godt etter siktemåla med lova.

Pelagisk Forening meiner òg at fiskesalslaga oppfyller kontrolloppgåvene sine bra, gitt mandat og ressursar.

I det følgjande vil Pelagisk Forening koma med merknadar til enkelte av NFD sine merkadar. Dette i same rekkefølge som i høyringsnotatet.

Tekst i heimeteikn er sitat frå høyringsnotatet.

MERKNADAR TIL ENKELTPARAGRAFAR

§ 1 Formål

Siktemålet «medverke til ei berekraftig samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar.»

Pelagisk Forening er einige i at det er eit mål med mest mogeleg berekraftig lønsam forvaltning, men er uvisse på i kva grad økonomisk lønsemd skal vektleggast. Altså i kva grad størst mogeleg verdiskaping skal vektleggast.

Lova bør sikra at dei landanlegga som kan få størst mogeleg verdiskaping frå råstoffet faktisk får kjøpt råstoff. Auksjonssystemet er viktig verkemiddel for å levere på dette.

Pelagisk Forening meiner at særordningar ofte kan virka mot dette siktemålet. Som døme kan nemnast krav om at bestemte deler av snøkrabbekvotane skal leverast levande.

Kva som blir rekna som «berekraftig» vil kunne endra seg over tid. Det er såleis vanskeleg å definera omgrepet «berekraftig».

§ 2 Sakleg verkeområde

Pelagisk Forening meiner at regelen gjev eit fornuftig definisjon på verkeområdet til lova, og har heller ikkje noko å utsetja på praktiseringa av det saklege verkeområdet. Pelagisk Forening ser ikkje grunn til å endra denne regelen.

§ 3. Stadleg verkeområde

Som for § 2. Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til at det stadlege verkeområdet eventuelt blir utvida til å òg gjelda Svalbard.

§ 4. Godkjenning av fiskesalslag

Pelagisk Forening er einig i at det berre skal vera fiskarar, eller organisasjonar av fiskarar, som skal kunne vera medlemmar i salslaga.

Pelagisk Forening har ikkje opplevd problem med at «kjøperinteresser representert i salsglagenes medlemsmasser, gjennom fiskere som har helt eller delvis eierskap i sjømatindustrivirksomhet, eller som har egne salgsselskap knyttet til sine rederier.»

Derimot opplever Pelagisk Forening det som problematisk at ikkje alle fiskarar som leverer fisk som blir omsett i Råfisklaget sitt distrikt er valbar til verv i Råfisklaget sine styrande organ.

Dei ulike salslaga er organisert på ulike måte. Dette medfører konsekvensar for kven som kan bli tillitsvalte i styrande organ. Pelagisk Forening har medlemsfartøy som landar fisk i distriktet til Råfisklaget, men i praksis kan ikkje fiskarar frå desse fartøya bli vald inn i styrande organ i Råfisklaget.

Fartøy som landar delar av/all fangst i området Nordmøre til Finnmark er lovpålagt at omsetninga skal skje gjennom/med godkjenning av Råfisklaget. Dei betaler også pliktig lagsavgift til Råfisklaget, men kan ikkje påverka vilkår gjennom representasjon i årsmøte, styre eller salsutval/arbeidsutval.

Fartøy som ikkje er medlem i eigarorganisasjonane, er ikkje representert, korkje i årsmøtet eller i andre styrande organ. I teorien er det, rett nok, ei opning for representasjon i styrande organ gjennom såkalla direktelemskap i Råfisklaget.

Likevel har det, så langt me kjenner til, aldri vore tillitsvalde frå direktelemskap. Dette sjølv om kanskje så mykje som 1/3 av omsetninga frå norske fartøy i Råfisklaget kjem frå fartøy som ikkje er medlem av eigarorganisasjonane.

I 2025 omsette medlemmar i Pelagisk Forening for ca. 848 mnok via Råfisklaget. I følge Råfisklaget omsette norske fiskarar for 16,4 milliardar kroner. Dvs. at i over 5 % av omsetninga, målt i fangstverdi, til Råfisklaget er levert av medlemmer i Pelagisk Forening. Pelagisk Forening vil understreke at dette er ca. tall, men det er likevel klart at ein vesentleg del av omsetninga til Råfisklaget er levert av medlemmer i Pelagisk Forening.

Når fiskarane har lovpålagt plikt til å omsetja gjennom eit bestemt salslag svekker det tilliten, og legitimiteten til, salslaga at enkelte salslag i praksis ekskluderer fiskarar på grunnlag av medlemskap i faglag.

Det kan òg spørjast om dette er god organisasjonsfridom?

Pelagisk Forening meiner at det er uheldig at ikkje alle norske fiskarar som leverer via eit salslag er valbare til styrande organ i dette salslaget. Dette uavhengig av kva faglag den enkelte er medlem, eller ikkje medlem, i.

«I forlengelsen av dette kan man stille spørsmål ved om lovens formål i tilstrekkelig grad ivaretas gjennom bestemmelsens utforming. Fiskesalslagslova skal sikre stabile rammevilkår for førstehåndsomsetningen og hensynta verdiskapingen i både selger- og kjøperleddet. Når fiskesalgslagene er eid og styrt av selgerne, er det grunn til å se nærmere på hvorvidt kjøpernes interesser hensyntas i en slik grad at vilkårene for førstehåndsomsetningen bidrar til å øke lønnsomheten i hele verdikjeden. Samtidig er det viktig å presisere at det er lovgiver som har bestemt at fiskesalgslagene skal være eid og styrt av fiskerne.»

Salslaga har endra vedtektene sine slik at det er opning for å ha eksterne i styra. Fleire salslag har òg eksterne i styret. Pelagisk Forening meiner at det bør vera opp til det enkelte salslag kva kvalifikasjonar salslaget ønsker i sine styre, og at salslaga bør freista å få brei kompetanse i styra.

Sildelaget har endra vedtektene sine, og har eksterne medlemmar i styret. Pelagisk Forening meiner at Sildelaget har sikra breidde i styret sin kompetanse, og at dette er gjort på ein god måte.

Ved ikkje å ha aktive kjøparar med i styret unngår Sildelaget at utfordring med kjøparar, som «sit på andre sida av bordet under prisforhandlingar». Utfordringar med at enkelte kjøparar har meir informasjon enn andre kjøparar blir òg unngått.

Pelagisk Forening viser til høyringsnotatet side 20. «Styrene fatter vedtak om salg- og forretningsvilkår, samt enkeltvedtak i enkeltsaker om inndragning, godkjenning av omsetning mv. Fiskerne som sitter i kontrollkomiteen har omsetningsplikt dersom de leverer i det aktuelle salgslagets distrikt, og er dermed bundet av vedtak og rundskriv fattet av styret de er satt til å kontrollere. Det kan tenkes at dette kan føre til mindre effektiv kontroll og tilsyn, da det er en hypotetisk mulighet for represalier fra styret dersom kontrollkomiteen påpeker feil eller mangler. Motsatt kan styret vegre seg for å fatte berettigede enkeltvedtak rettet mot medlemmer av kontrollkomiteen av samme årsak. Videre kan man også tenke seg at medlemmene av kontrollkomiteen kan vegre seg for å utføre sin rolle i frykt for å bli upopulær blant fiskesalgslagets medlemsmasse, selv om styret ikke reagerer med represalier. Departementet har ikke blitt forelagt informasjon som tilsier at denne problemstillingen har oppstått i praksis.»

Det er heilt ukjent for Pelagisk Forening at denne problemstillinga har oppstått i praksis. Tvert om opplever Pelagisk Forening at salslaga sine kontrollkomitéar nyt stor respekt, og gjer samvitsfullt arbeid.

Det kan nemnast at det er vanleg at organisasjonar har eigne kontrollkomitear, som kontrollerer organisasjonen, og at medlemmane i slike komitear er medlemmar i organisasjonen. Dette gjeld m.a. Stortinget og kommunar.

Medlemmane av kontrollkomitear skal sjølvstendig vera merksame på habilitetsspørsmål, i salslaga som andre stadar.

Pelagisk Forening meiner det fungerer godt at medlemmar til lovpliktig kontrollkomité i praksis blir valt frå medlemmane. Dette må òg sjåast i samanheng med at lova seier at salslaga både skal ha revisor og ein offentleg kontrollør. Den offentlege kontrolløren har vesentlege tilsynsoppgåver i salslaga. Slik sett er salslaga underlagt vesentleg kontroll, både internt og eksternt.

«Departementet mener at fiskesalgslagene bør gjennomgå kontrollkomiteenes rutiner for tilsyn og rapportering.» Pelagisk Forening meiner at det ikkje bør vera grunnlag for

å stilla spørsmål ved tillita til kontrollkomitéane sitt arbeid, og er samd med departementet.

§ 5. Offentlege kontrollørar

I høyringsnotatet blir ordninga med statleg kontrollørar drøfta, men departementet kjem ikkje med nokon tilråding. Pelagisk Forening meiner at når det er ei ordning der staten har kontrollørar i salslaga bør mandat, forventningar, instruksar og ressursar vera slik at ordninga fungerer godt, og er tillitsvekkande.

§ 6. Tilbakekalling av godkjenning

Pelagisk Forening meiner at tilbakekalling av godkjenning synest lite aktuelt i praksis, men ser sjølvsagt at reglane er naudsynte. Det er vanskeleg å sjå for seg at eit salslag kan ta over, på kort varsel, for eit av dei store salslaga. Ved eventuell tilbakekalling må det vera sikra at omsetninga ikkje stoppar opp.

§ 7. Overføring av ansvar

«Dersom bestemmelsen ikke blir brukt fordi den administrative byrden ved å opprette og drifte fellesorganet oppleves som mer byrdefull enn gevinsten av samarbeid, tilsier dette at bestemmelsen bør justeres i tråd med fiskesalagslagenes praktiske behov og lovgivers intensjon.» Pelagisk Forening er einig i dette.

§ 8. Førstehandsomsetning

«Fra et teoretisk perspektiv vil det største samfunnsøkonomiske overskuddet oppstå dersom råstoffet gjennom hvert ledd i verdikjeden håndteres av de aktørene som kan tilføre det mest verdi. Viktige forutsetninger for dette er at kostnadene knyttet til kjøp og salg er så lave at det ikke hindrer råstoff fra å bli tilbudt i markedet, eller kjøpere fra å delta i omsetningen. Videre er det viktig at markedsplassen er preget av tillit, trygghet og forutsigbarhet for kjøper og selger. For å få dette til er åpenhet om transaksjonene på markedsplassen et virkemiddel.»

Pelagisk Forening er einige i dette. Som kjent tapte Norges Sildesalgslag rettssaka, mot Sjømat Norge, om offentliggjøring av prisar. Pelagisk Forening meiner at det bør vurderast ei lovendring, slik at informasjon om prisar blir tilgjengeleg for kjøparar og seljarar i sanntid. Større openheit vil skapa større tillit til marknadsplassen, og utjamning av «styrkeforholdet» mellom einbåt- og fleirbåtreiaralg, og små og store aktørar på kjøpar-sida.

§ 9. Fastsetjing av avgift

«Som nevnt under drøftelsen av fiskesalagslova § 4 i punkt 4.2.1, er det forskjell i ordlyden i den bestemmelsen og § 9 som kan være uheldig. Ordlyden i § 4 andre ledd bokstav b slår fast at all virksomhet som ikke kan knyttes direkte til organiseringen av førstehandsmarkedet skal skilles ut i egne selskaper. Samtidig sier § 9 andre ledd at lagsavgiften kan benyttes til virksomhet som enten knytter seg direkte til førstehandsomsetningen eller som står i «rimeleg nær samanheng» med dette formålet. Det er altså ikke samsvar i ordlyden i de to bestemmelsene.»

Pelagisk Forening støttar ei eventuell harmonisering dersom det er skilnad her.

«Departementet mener at det er grunn til å se på ordlyden i bestemmelsen dersom revisjonen som nå pågår viser at det er grunner til å stille spørsmål ved fiskesalagslagenes praktisering av fastsettelse og bruk av lagsavgiften.»

Eit eventuelt endringsforslag bør på høyring, og konsekvensane bør klargjerast.

Det kan òg nemnast at salslaga synest å ha brukt lagsavgiftene på gode måtar, og at bruken ikkje synest å vera omdiskutert eller problematisk i praksis.

§ 10. Fastsetjing av salsvilkår og omsetningsformer

Pelagisk Forening er einig i at «Ordlyden i lovens §10 fremstår tilstrekkelig klar og tydelig.» Pelagisk Forening er òg einig i at «Velfungerende auksjoner legger til rette for reell konkurranse mellom kjøperne, ved at varen omsettes til den høyeste prisen markedet er villig til å gi, og at den mest betalingsvillige kjøperen får tilslaget. Disse egenskapene gjør at auksjon i teorien er den omsetningsmetoden som ligger nærmest egenskapene til det som er omtalt som et perfekt marked. Auksjon vil derfor også være den omsetningsmetoden som gir størst samfunnsøkonomisk overskudd.» Pelagisk Forening oppfattar det slik at salslaga skjøttar dette på ein god måte. Som kjent blir ein vesentleg større del omsett på auksjon innanfor pelagisk sektor, enn innafor kvitfisksektoren. Pelagisk Forening støttar salslaga sine tiltak for å auka delen av råstoff som blir omsett på auksjon. Dette gjeld òg endringane som blei innført i 2025.

I LG-2021-85802 (Prisinformasjonsdommen) fant lagmannsretten at fiskesalagslova § 8 saman med §§ 1 og 10 ga Sildelaget heimel til å sette detaljerte reglar for omsetningsform på sin marknadsplass, men «kun så langt [praksisen] ikke strider mot annen lovgivning». «Sildelaget hadde altså hjemmel til å velge simultanauksjon som gjeldende omsetningsform for sin markeds plass, men lagmannsretten fant at tilgjengeliggjøringen av budloggen med informasjon om vinnende bud og budgivers identitet var i strid med forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2 om taushetsplikt.»

NFD skriv at «Dommen i lagmannsretten har medført endringer i informasjonsflyten på Sildelagets auksjon. Det har ført til en mer asymmetrisk informasjonsflyt, der store aktører på kjøpersiden har betydelig mer informasjon om priser enn mindre aktører. Fiskerne får ikke prisinformasjon fra andre auksjoner enn de som de deltar i selv. Ifølge økonomisk teori vil slik asymmetri i informasjonsflyten føre til en mindre effektiv markeds plass.» Pelagisk Forening er einig i dette, og ber om at departementet endrar lova, slik at salslaga har lov til å dela budloggane med kjøparar og seljarar. Etter dommen er det ei vesentleg utfordring at det er asymmetri i priskunnskap mellom kjøpar- og seljar-sida, og mellom ulike kjøparar, og mellom ulike fiskarar.

Pelagisk Forening meiner at informasjon om prisar bør vera tilgjengeleg for deltakarane på marknadsplassane for omsetning av fisk. Difor kan det spørjast om det er naudsynt med ei lovendring på dette punktet.

Det er ikkje naudsynt at prisinformasjon, frå auksjonar og kontraktar, skal være offentlege, men at målet er at regelverket legg til rette for ei fornuftig Informasjonsdeling. Informasjonsdeling som sikrar tilstrekkeleg samtidig prisinformasjon for aktørane på markandsplassen. Informasjonsdelingen er nødvendig for at markedsplassen skal fungere best mogeleg.

Dette vil gjera det lettare for næringsaktørane å fiska rettast mogeleg art, storleik, kvantum og kvalitet til rett tid. Altså same formålet som med lova. «å medverke til ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av viltlevande marine ressursar», jf. § 1. Prisinformasjon er altså viktig for å skapa størst mogeleg verdiskaping.

Pelagisk Forening er òg eining med departementet i at «Fiskesalagslagenes reklamsjonsregler utgjør etter departementets vurdering ikke en urimelig byrde for kjøper, og er utformet slik at de ivaretar formålet med høyest mulig samfunnsøkonomisk lønnsomhet ved at mest mulig av råstoffet som landes kan bearbeides eller videreselges.»

§ 11. Fastsetjing av minstepris

Pelagisk Forening er einig i at det ikkje synest å vera eit «presserende behov» for å endre første ledd, og at det vil «være i begge parter interesse at minsteprisene settes på et riktigst mulig nivå. Dynamiske minsteprismodeller hvor markedsutviklingen hensyntas vil forhindre at minsteprisene blir «urimelige». Pelagisk Forening registrerer at det har vore lite misnøye i næringa med minsteprisane. Det meste av råstoffet blir òg omsett til prisar over minsteprisane. Likevel er det viktig at minsteprisar blir justert fortløpande.

§ 12. Framgangsmåte ved usemje

Pelagisk Forening er einig i at «Det er utfordrende å si noe om hvorvidt meklingen fungerer i henhold til formålet, ettersom det har vært gjennomført så få meklinger etter at bestemmelsen trådte i kraft.»

Pelagisk Forening er likevel tvilande til påstanden om at «anførselen om at kjøperorganisasjonene ikke ser seg tjent med å gå til mekling fordi dette blir en formalitetsutsjekk» stemmer. Pelagisk Forening opplever at meklingar har vore nyttige sjølv om fiskesalagslaga einsidig kan fastsetja minsteprisar dersom partane ikkje blir samde.

«Det følger av forskrift om førstehåndsomsetning av fisk mv. at medlemmene oppnevnes for tre år om gangen, og at forlengelse kan skje én gang. Det er ikke oppnevnt nye nemndsmedlemmer siden 2017.

I perioden 2017 til 2024 ble mekling benyttet totalt fire ganger – Råfisklaget gjennomførte en mekling i 2018, mens Sildelaget hadde to meklinger i 2018 og én i 2020. Surofi, Fiskehav og VNF har aldri benyttet seg av meklingsinstituttet.»

Pelagisk Forening meiner at det bør oppnemnast nye nemndmedlemmer. Dette for at eventuelle nye forhandlingar ikkje skal bli seinka.

§§ 13-15. Rett til å regulere hausting, rett til å dirigere fangstar og orientering

Departementet siterer Høgsterett, og skriv at «I Themis-dommen er det imidlertid stadfestet at stopp i omsetningen kan være et naturlig tiltak i forlengelsen av en beslutning om fiskestopp. I dommens avsnitt 55-56 er det slått fast at å «forstå § 13 slik at man ikke samtidig kan stanse omsetningen, ville medføre at utenlandske fiskere kunne fortsette å levere uten hinder av fiskestoppvedtaket. Vedtaket ville i så fall kunne bli et slag i luften, især i situasjoner der det er underkapasitet og leveringskø ved utenlandske fiskemottak. En omsetningsstopp vil i de aller fleste situasjoner være en naturlig forlengelse av et vedtak om fiskestopp, og føre til en likebehandling av fiskere – norske og utenlandske – i tråd med lovgiverintensjonen som jeg tidligere har vist til».

Pelagisk Forening er enig med Høgsterett i dette.

«Departementet er ikke kjent med at denne utfordringen er satt på spissen, men mener likevel at det er riktig å synliggjøre potensielle usikkerheter som følger av ordlyden i bestemmelsen og detaljnivået i forarbeidene.» Generelt er Pelagisk Forening tilhengar av klare lovreglar. Themisdommen har bidratt til å klargjera forståinga av regelen, og det kan medføre mindre behov for å justera regelen.

Pelagisk Forening oppfattar § 14 som ein form for sikkerheitsventil, og ser ikkje grunn til å endra regelen.

Orienteringsplikta etter § 15, «så langt det er mogleg» syntest òg å vera dekkande. I dagens digitale kvardag blir det lagt til grunn at det skal lite til før kjøparsida ikkje er orientert i samsvar med § 15.

§ 16. Kvalitetskrav til hausting og handtering av råstoff

Pelagisk Forening er opptatt av at god kvalitet bør vera i fokus, og meiner at det bør legast til rette for at god kvalitet skal lønna seg for næringsaktørane. Pelagisk Forening er enig i at «En utvidelse av kvalitetstilsynet bør avventes til arbeidet med vidare oppfølging av fiskekvalitetsforskriften er avgjort. I dette arbeidet bør man også se på hvilke krav det er naturlig å forskriftsfeste og hvilket kvalitetsnivå markedet selv må få bestemme.»

§ 17. Kontrolloppgåver

«Oppsummert finner departementet at dagens regelverk ikke sikrer en tilstrekkelig effektiv og legitim praktisering av kontrolloppgåvene.» Pelagisk Forening ser at det er ulike instansar med til dels overlappende ansvar for kontrollarbeid. Gitt mandat og ressursar opplever Pelagisk Forening at salslaga utfører sine kontrolloppgåver på ein god måte.

Pelagisk Forening vil òg peika på at det òg bør sjåast på nyss innført regelverk om tredjeparts prøvetaking og kontroll av pelagiske fangstar. Dette er ikkje nemnt i NFD si vurdering av § 17.

§ 18. Tilgang og bistandsplikt

«Det er åpenbart at lovgivers intensjon er at fiskesalgslagene skal kunne kontrollere hvorvidt omsetningsreglene deres er fulgt. Dette følger av at brudd på salgs- og

omsetningsvilkår er omfattet av reaksjonene i §§ 21, 22 og 23. Det er derfor uheldig at ordlyden i § 18 ikke gir tilstrekkelig hjemmel til innhenting av dokumentasjon og opplysninger for å avdekke slike forhold.»

Pelagisk Forening meiner at salslaga bør få heimel til å kontrollera at laga sine omsetningsreglar blir etterkome. Dette er openbart, og treng ikkje nærare grunngjeving.

§ 19. Utveksling av informasjon

Pelagisk Forening konstaterer at departementet skriv at «Etter departementets vurdering fungerer bestemmelsen etter sitt formål.», og har ikkje merknadar til dette.

§ 20. Utveksling av opplysningar mellom kontrollstyresmakter

Pelagisk Forening har ikkje merknadar til denne paragrafen.

§ 21. Fangst som er omsett i strid med lova

Pelagisk Forening er einig med departementet når «Departementet mener at det er en svakhet ved inndragningsinstituttet at det ikke finnes en begrenset adgang til å omgjøre vedtak om inndragning etter fiskesalslagslova § 21 i saker hvor inndragningen er uforholdsmessig stor i forhold til overtredelsen. En slik begrenset adgang vil kunne sikre rettferdighetsfølelsen i slike saker, og være med å hegne om lovens formål om dokumentasjon av ressursuttaket ved å begrense risikoen for at fiskerne oppfatter systemet som illegitimt.»

«Departementet mener at det er grunn til å se på hvorvidt § 21 bør flyttes til lovens kapittel 7, slik at det blir lettere orientere seg i den.» Pelagisk Forening støtter redaksjonelle endringar som gjer lova lettare tilgjengeleg for brukarane.

§ 22. Straffansvar

Pelagisk Forening har ikkje merknadar til regelen.

§ 23. Inndraging

Pelagisk Forening har ikkje merknadar til regelen.

OVERORDNA PROBLEMSTILLINGAR

Gode rammer for førstehandsomsetninga

«Omsetningssystemet bør også fortsette å tilby et marked for kontrakter, da disse bidrar til større forutsigbarhet for både fisker og kjøper. Fisker kan planlegge sin aktivitet med hensyn til fiskefelt og leveringssted, og kjøper vil ha større sikkerhet for leveranser innenfor et gitt tidsrom. For å maksimere det samfunnsøkonomiske overskuddet bør også kontrakter omsettes på auksjon.»

Pelagisk Forening er tilhengar av at mest mogeleg av råstoffet blir omsett på auksjon. Dette fordi auksjon bidreg til at dei som kan tilføra størst verdi til råstoffet faktisk har høve til å kjøpa råstoff. Pelagisk Forening ser at det kan vera føremonar med

kontraktssal. Pelagisk Forening ser gjerne at dette blir vurdert nærare. Dette saman med næringa.

«Departementet har i dag ingen mulighet til å instruere salgslagene om omsetningsform. Endringer i loven som medfører større grad av auksjonsomsetning kan derfor vurderes.» Pelagisk Forening er einig i dette.

«Det kan også vurderes om fiskesalslagslova bør være tydelig på behovet for åpenhet om transaksjonene på salgslagenes markedsplasser. For å sikre høyst mulig samfunnsøkonomisk overskudd så er man avhengig av at lik og samtidig informasjon blir gitt til relevante aktører på markedsplassen. Slik er ikke situasjonen i dag etter prisinformasjonsdommen.» Pelagisk Forening viser til vår uttal lengre oppe i dette høyringssvaret, og er einige i dette, og meiner at myndigheitene bør vurderer ei lovendring på dette punktet.

Utøving av kontrollmyndighet

Departementet skriv at «Dersom salgslagenes kontrolloppgaver skal bestå slik de er i dag, er det et alternativ å lov- eller forskriftsfeste nærmere krav til omfanget og innholdet av salgslagenes kontrolloppgaver for å sikre mer lik praktisering. En presisering av salgslagenes kontrollansvar vil også kunne innebære en avgrensning av kontrolloppgavene. Hensynet til effektivitet og likebehandling tilsier en slik løsning, fremfor at ansvaret fordeles på mange etater med ulikt utgangspunkt og ulike forutsetninger for gjennomføring. En samling av den fysiske kontrollen hos ordinære kontrollmyndigheter forutsetter likevel at disse, dvs. Fiskeridirektoratet og Kystvakten, må ha nødvendig kapasitet for å ivareta kontrolloppgavene fullt ut.» Pelagisk Forening meiner at det er viktig med gode kontrollar, og at det er tydeleg kven som har ansvar for kontrollane. Salslaga sine kontrollørar bistår òg i saker om kvalitet på råstoffet. Det er vanskeleg å tenkja at styresmaktene har kapasitet, eller ønsker, å bidra i saker om kvalitet. Difor bør salslaga ha eigne kontrollørar.

«Uavhengig av eventuelle endringer i ansvaret for fysisk kontroll av næringsaktører, så ser departementet verdien av at salgslagene har en rolle i kontrollarbeidet ved å sikre dokumentasjon av ressursuttaket og føre dokument- og kvotekontroll» Pelagisk Forening deler dette synet.

Pelagisk Forening er einig i departementet si tilråding om at «at spørsmålet om salgslagenes kontrollansvar og «organiseringen av dette utredes nærmere.» Samstundes opplever Pelagisk Forening at salslaga løyser kontrolloppgåvene sine på ein god måte, gitt mandat og ressursar. Det er òg slik at salslaga sin dokument- og kvotekontroll har nær tilknytning til fysiske kontrollar. Difor bør ikkje desse kontrolloppgåvene skiljast utan etter grundige vurderingar.

Legitimitetsutfordringar

Pelagisk Forening meiner at det er viktig at salslaga har god legitimitet, og god tillit. Dette både frå fiskarane, kjøparane og samfunnet.

Pelagisk Forening er einige i at «utfordringer knyttet til habilitet og interessekonflikter skjerper forventningen om gode rutiner og bevissthet i forvaltningsarbeidet om dette spørsmålet. Det er en forutsetning for legitimiteten til systemet at slike rutiner og vurderinger er transparente, og kan med fordel gjøres tilgjengelig for allmennheten.»

Pelagisk Forening er òg einige med departementet i at «fiskesalgslagene bør etablere slike rutiner. Dersom slike rutiner allerede eksistere, bør disse gjøres tilgjengelige for å øke åpenhet og legitimitet til førstehåndsomsetningen som sådan.»

Pelagisk Forening registrerar at «departementet vurderer at kontrollmekanismene ikke fungerer i henhold til intensjonen. Ved å styrke kontrollmekanismene, vil fiskesalgslagenes legitimitet kunne styrkes tilsvarende.» Pelagisk Forening er opptatt av at kontrollmekanismene må vera egna til å skapa tillit, og at salslaga sikrar at kontrollkomiteen har gode kontrollar.

Bestemmelser det er nødvendig å oppdatere

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til departementet sine vurderingar av endringar som følge av misvisande eller uklår ordlyd.

Det same gjeld endringar av reint teknisk karakter, og endringar som følge av endringar i andre lover.

Bergen: 27.2.26

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar